



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 23.06.2017
Vår ref.: 2016/7747
Arkivnr.: 461.3

Gangstø Transport AS
Gangstøvegen 23
5568 VIKEBYGD

Att. Kjell Erik Gangstø

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Gangstø Transport AS, Vindafjord kommune – Vedtak om løyve etter forureiningslova til avfallsanlegg for mottak, mellomlagring og behandling av plast

Fylkesmannen i Rogaland har behandla ferdig søknad frå Gangstø Transport AS datert 13.10.2016 om løyve etter forureiningslova § 11 til vidare drift av avfallsanlegg på gnr. 332 bnr. 75/77 Vikebygd i Vindafjord kommune. Vi har med heimel i forureiningslova §§ 11 og 16 etter heilskapleg vurdering gitt løyve på visse vilkår. Løyve 2017.0333.T med tilhøyrande vilkår er lagt ved.

Vi viser til søknad av 13.10.2016 om løyve etter forureiningslova for Gangstø Transport AS (GT). Verksemda har søkt om å få fortsetje drifta av mottak og mellomlagring av plast på avfallsanlegg som har vore i drift sidan 1990.

Søknaden frå GT omfattar ein årleg ramme på 4 600 tonn plast av typane: landbruksfolie, forsekker – storsekk, plasttrøyr, hardplast, isopor og produksjonsspillplast. GT søker om samtidig lagra mengde plast på 620 tonn. I tillegg søker GT om årleg å ta i mot inntil 200 tonn metallavfall som kjem saman med plasttrøyr, til dømes klemmer, skøyter og wire. Verksemda søker om årleg å kunne ta i mot inntil 300 tonn tau/trossar.

Landbruksplast og sekker for fôr skal pressast. Hardplast skal kvernast og fyllast i storsekk eller pressast. Stål/jern som kjem med platen skal sorterast ut. Tau/trossar skal eventuelt finsorterast og deretter kun lagrast på anlegget til det er nok avfall til effektiv transport ut.

Transport av avfall ut og inn av anlegget skal skje med bil. Verksemda skal drive i 180 døgn i året i tida 07.00 – 16.00.

Fylkesmannen gir med dette løyve på visse vilkår. Løyvet med vilkår følgjer som vedlegg.

Fylkesmannen har ved avgjerda om løyve kan bli gitt og ved fastsetting av vilkår lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempar som anlegget har, sett i saman med dei fordelar og ulempar som anlegget elles vil føra til. Ved fastsetting av vilkåra har Fylkesmannen vidare lagt til grunn kva som kan bli oppnådd i dag.

Vi vil peike på at all forureining frå verksemda isolert sett er uønska.

Dette løyvet kan seinare endrast med heimel i forureiningslovas § 18. Endringar skal vere basert på ein skriftleg sakshandsaming og ein forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell søknad om endring må derfor ligge føre i god tid før endring ønskes gjennomført.

I tillegg til dei krav som følgjer av løyvet, plikter verksemda å halde forureiningslova og produktkontrollova samt føresegnar som er heimla i desse lovane. Enkelte av desse føresegnene er nemnt i løyvet. For informasjon om anna aktuelt regelverk, viser vi til www.regelhjelp.no

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Det er også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrollova samt føresegn fastsett i medhald av desse lovene.

Bakgrunn for saka

Gangstø Transport AS har vore etablert på Vikebygd industriområde sidan 1990. Verksemda har motteke og mellomlagra ulike typar plastavfall utan eige løyve. Det har vore klagar på flygeavfall og forsøpling, og dei vart derfor 17.06.2016 oppmoda å søke om løyve.

Søknad lagt ut til offentleg høyring

I samsvar med *Forskrift om begrensning av forurensning (forurensingsforskriften)* § 36-6 vart søknaden lagt ut i Haugesunds Avis og søknadsdokumenta vart lagt til på høyring på Fylkesmannen sin nettstad og i Vindafjord kommune. Uttalefrist for ålmenta var 20.2.2017.

Relevante offentlege etatar og berørte partar fekk i tillegg oversendt høyringsdokumenta pr. e-post.

Mottatte uttaler

Fylkesmannen fekk 5 høyringsuttaler til søknaden. Eit samandrag av uttalene følgjer nedanfor.

Kystverket Vest

Ingen spesielle merknadar.

Vikebygd Grendelag

Plastavfall som ligg i sjøen må vere merka forsvarleg. Plastavfall må ikkje få flyge ut av området. Det er positivt med ei verksemd som skapar arbeidsplassar i bygda.

Jahn Anfin Tonjer

Verksemdas omfang må definerast. Ved kraftig vind hender det at plast blåser og setter seg fast i trær, på stranda og i naturen elles. Ønsker krav med skjerming for å hindre plastflukt. Er opptatt av at det ikkje skal være forureinande avsig til grunnen på grunn av egen brønn ca 100 meter frå anlegget.

Fiskarlaget Vest

Det er kysten som utgjer sjølve grunnlaget for norsk sjømatnæring. Våre viktigaste gyteområde, oppvekstområde og fiskeområde ligg her.

Vindafjord kommune

Kommunen er positiv til at det blir gitt løyve. Søknaden er i tråd med gjeldande reguleringsplan. Plast må ikkje vere skjemma eller spreia i området. Mellomlagring av plast må berre vere på området som løyvet omfattar.

Søkjarens kommentar til mottatt uttalar

Store deler av området vert nytta som dumpeområde for bilvrak, båtvrak, søppel og ikkje gjenvinnbar plast. Dei ryddar oss jamleg, seinast i desember og januar. Søknaden gjeld ikkje leigd område som er under avvikling. Plast som fyker kjem inn utanom opningstid. Det er sett i verk tiltak for å hindra dette.

Fylkesmannens vurdering

Nedanfor følgjer Fylkesmannens vurdering av søknaden og dei innkomne uttalene. Vilkår i løyvet følgjer så langt det er mogleg Miljødirektoratets mal for «Tillatelse til virksomhet etter forurensningsloven».

Naturmangfald

For alle saker der avgjerda kan påverke naturmangfaldet følgjer det av naturmangfaldlova § 7 at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12 skal leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og at det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og lagt vekt på i saka.

Gangstø Transport AS har vore i Vikebygd sidan 1990-talet. Det er eit eksisterande industriområde som er nært til sjø.

Området i sjøen utanfor Vikebygd har god miljøtilstand og har påverknad frå fiskeoppdrett og avfallsdeponiet på Toraneset (6,5 km borte). Det er eit gyttefelt for torsk.

Forsøpling av nærområde

Verksemdas utslepp av flygande plast og bruk av lagring på nærliggjande areal er ikkje søkt om å behalda som lagringsområde. GT seier i kommentar til uttalene at søknaden ikkje gjeld leigd areal. Det er i uttalen frå kommunen vist bilete av plast som er mellomlagra i sjø og plast som er mellomlagra og/eller har blese av frå GT. Å hindra plastforureining er eit prioritert område. Plast/mikroplast kvelar livet i havet, og forsøplar dei næraste omgjevnadane.

Søknaden omfattar ikkje lagring på andre områder enn gnr. 332 bnr. 75/77. Det er derfor satt krav for kva tid desse omkringliggjande områda skal vere rydda. Dette gjeld både sjø og land. GT har lova kommunen å rydde platen som ligg i sjø innan mars 2017. Det er derfor kanskje allereie rydda, og det vert derfor satt ein snau frist for rydding i sjø.

Utslepp til luft

Det er ikkje lov å brenne avfall eller produkt i utandørs omgjevnad på verksemda.

Mottak og lagring

For å hindre flygande plastavfall, er det satt krav til mottak, mellomlagring og skjerming.

Konklusjon

Fylkesmannen har handsama Gangstø Transport AS si søknad av 13.10.16 om løyve etter forureiningslova § 11 for mottak, mellomlagring og behandling av plastavfall på gnr. 332 bnr. 75/77.

Verksemda fekk utkastet til løyve til uttale før vedtak i saka vert fatta. Verksemdas merknader er vurdert før vedlagte løyve ble utarbeida.

Fylkesmannens vedtak om å gi Gangstø Transport AS løyve gjeld frå dags dato.

Tabellen nedanfor gir oversikt over gjennomføring av tiltak som løyvet krev:

Tiltak	Frist	Viser til vilkår
Årsrapport	1.3 (årleg)	8.2
Rutine for mottakskontroll	1.8.17	1.7
Bås for lager av innkomen plastavfall	1.8.17	1.8
Etablera fast dekke	1.8.17	1.8
Kompetanseplan	1.8.17	2.6
Skjerming av gnr. 332 bnr. 75/77	1.8.17	3.6
Avfall og lager i sjø er ferdig rydda	1.8.17	1.8/3.3
Leigeområde 1 er ferdig rydda	1.10.17	1.8/3.3
Leigeområde 2 er ferdig rydda	1.12.17	1.8/3.3
Andre nærområde inkl. 332/72 er ferdig rydda	1.1.18	1.8/3.3

Vedtak om fastsetting av gebyrsats for sakshandsaming

Fylkesmannens handsaming av søknadar om løyve, eller endringar i eksisterande løyve, er omfatta av ei gebyrordning jf. *Forskrift om begrensning av forurensing (forurensningsforskriften)*, kap 39. Gangstø Transport AS skal derfor betale gebyr for sakshandsaminga.

Gebyra skal samla ikkje vere høgare enn forureiningsmynda sitt arbeid med handsaming av saka. Forureiningsmynda vedtek kva gebyrsats som skal nyttast i det enkelte høve. Ved fastsetting av gebyrsats skal venta ressursforbruk leggest til grunn.

Fylkesmannens samla tidsbruk i denne saka har vore ~2 vekeverk. Dette svarar til sats 5 som i dag er kr. 36.200,-

Gangstø Transport AS fekk varsel om gebyrsats oversendt frå oss samtidig med at vi oversendte utkastet til løyve til uttale. Verksemda har innan fristen (2 verker) ikkje oversendt oss merknader til varsla gebyrsats.

Fylkesmannen vedtar å bruke gebyrsats 5, jf § 39-4 i forureiningsforskrifta ved fastsetting av gebyr. Gangstø Transport AS skal følgeleg betale et gebyr på NOK 36.200,- for Fylkesmannens sakshandsaming.

Klageadgang

Vedtaka kan klagast på til Miljødirektoratet av partane i saken eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå vedtaket er komen fram eller frå då vedkomande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ein eventuell klage skal angi kva det klagast på og den eller dei endringar som ein ønsker seg. Klagen bør grunngjevast og andre opplysningar av betydning for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saken.

helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernsjef

Margareta Skog
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Margareta Skog
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 32
E-post: fmromsk@fylkesmannen.no

1 Vedlegg:

- Løyve 2017.0333.T med tilhørande vilkår

Kopi til:

Karmøy kommune	Rådhuset	4250	Kopervik
Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	Bergen
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Jahn Anfin Tonjer	Steffen Staalesensgt 46 L	5523	Haugesund
Kystverket Vest	Pb 466	5501	Haugesund
Vikebygd Grendalag	leder@vikebygd.no		
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	ØLEN



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Løyve til verksemd etter forureiningslova

til Gangstø Transport AS

Løyvet er gitt i medhald av lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven), § 29 jf. §§ 11 og 16, og forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften) § 11-6.

Vedtak om løyve er gjort på grunnlag av opplysningar gitt i søknad av 13.10.2016 og opplysningar som er komen fram under handsaming av søknaden.

Vilkåra står på side 3 til og med side 10.

Bedrifta må på førehand avklare skriftleg med Fylkesmannen endringar den ønsker å gjere i forhold til opplysningar gitt i søknaden eller under sakshandsaminga som kan bety noko for miljøet.

Bedriftsdata

Bedrift	Gangstø Transport AS
Beliggenhet/gateadresse	Vikevegen 1002, Vikebygd
Postadresse	Gangstøvegen 23, 5568 Vikebygd
Kommune og fylke	(1154) Vindafjord, Rogaland
Org. nummer (bedrift)	972719536
Gårds- og bruksnummer	332/75, 77 Vindafjord
NACE-kode og bransje	49.410 Transporttjenester samt returbehandling av plastavfall. Avfallstransport

Fylkesmannens referanser

Tillatelsesnummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ¹
2017.0333.T	1160.0094.01	4

¹ Jf forurensningsforskriftens kapittel 39 om gebyr til statskassen for arbeid med tillatelser og kontroll etter forurensningsloven

Tillatelse gitt: 23.06.2017	Endringsnummer:	Sist endret:
Marit Sundsvik Bendixen ass. fylkesmiljøvern sjef		Margareta Skog senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrifter.

1. Avfallstyper, gjenvinning og kontroll

1.1 Kva løyvet gjeld

Løyvet gjeld mottak, sortering, behandling og mellomlagring av plastavfall ved Gangstø Transport AS.

1.2 Rammer for type avfall, årleg mottak og mengde mellomlagra avfall:

a) **Det er tillete å ta imot følgande typar avfall:**

- Næringsavfall av plast av følgande type og mengde

Avfallstype	Årleg mengde	Mellomlagring inntil	Mottak pr. år inntil
Folie landbruk	1500 tonn	150 tonn	samla maks 4 600 tonn
Forsekker - storsekk	1500 tonn	150 tonn	
Plastrøyr	1000 tonn	150 tonn	
Hardplast	300 tonn	50 tonn	
Isopor	100 tonn	20 tonn	
Produksjonsspill-plast	200 tonn	100 tonn	

Saman med plastrøyr kan verksemda og ta imot inntil 200 tonn metall. Metallavfallet skal sendast vidare seinast når det er nok metallavfall til at det kan fylle 2 stk konteinrar som rommar inntil 30 m³.

I tillegg kan verksemda årleg ta imot inntil 300 tonn tau/trossar, men samstundes ikkje ha inne på anlegget meir av denne typen avfall enn at det er nok til å fylle opp 2 stk konteinrar som rommar 30 m³.

Fylkesmannen tek atterhald om at mengda lagra avfall kan bli justert dersom forholda skulle tilsei det, jf. forureiningslova § 18.

Restavfall etter sortering skal leverast til godkjent anlegg for sluttbehandling.

b) **Følgjande avfallsfraksjonar er det ulovleg å ta imot:**

- Anna avfall enn skriven ovanfor
- Dekk
- Våtorganisk avfall
- Septikslam og kloakkslam
- Flytande avfall
- Radioaktivt avfall
- Eksplosivt avfall
- Smittefarleg avfall
- Blanda hushaldningsavfall
- Farleg avfall

1.3 Mengde årleg mottak

Verksemda kan ta imot inntil 5 100 tonn avfall per år.

1.4 Mengde mellomlagra avfall /lagringsavgrensning

Det kan til saman lagrast inntil 700 tonn avfall samtidig på anlegget. Avgrensinga inkluderer alt avfall på anlegget dvs. mottatt avfall / utsorterte fraksjoner / restavfall. Med dette meiner vi og at fraksjonar som blir levert eller brukt som produkt (råvare) ved anlegget skal takast med.

1.5 Driftstid

Løyvet gjeld for følgjande driftstid:

Måndag – fredag: kl. 07:00 – 16:00

Det er ikkje lov å driva på laurdag, søndag eller hellegdagar/offentlege fridagar.

Med drift meiner vi mottak, omarbeiding, lagring, lasting og lossing av plastavfall samt handtering av konteinrar og anna verksemd knytt til avfallshandtering som fører til støy.

1.6 Vektregistrering

Alle leveransar av avfall skal når det kjem til anlegget registrerast med opplysningar om vekt og avfallskategori. Avfall skal registrerast og rapporterast, jf. vilkår 8.2, i samsvar med inndelinga i offentleg avfallsstatistikk, og oppgjeve med størst mogleg presisjon.

1.7 Dokumentasjon og mottakskontroll

Alt avfall som tas imot ved anlegget skal skje i anleggets opningstid.

Avfall frå ein kunde skal ikkje blandast med avfall frå ein annan kunde, før det har vore sjekka for avvik.

Anlegget skal ha tilstrekkelege rutinar for mottakskontroll for å sørge for at ulovleg avfall jf. vilkår 1.2 b) som kjem inn til anlegget tas ut. Rutinane skal sendast Fylkesmannen innan 1.8.17. Mottakskontrollen skal inkludere visuell kontroll under lossing. Dersom ulovleg avfall tas imot ved anlegget skal dette registrerast som avvik. Det ulovlege avfallet skal vidare leverast til eit godkjent mottaks- eller behandlingsanlegg så snart som råd.

Anlegget skal ha eit aktivt system og rutinar for å hindre at verken EE-avfall, farleg avfall og/eller nokre av dei andre avfallsfraksjonane oppgitt i vilkår 1.2 b) kjem inn saman med blanda avfall. Dersom ein kunde leverer ulovleg avfall saman med anna avfall skal det være system og rutinar som hindrar at dette gjentek seg. Kunden skal belastast med eit avviksgebyr som skal dekke Gangstø Transport sine kostnader med å sortera ut og handtere det ulovlege avfallet.

1.8 Handtering av avfall

Det er ikkje tillate å lagre avfall eller produkt utanføre verksemda si eigedom som dette løyvet gjeld for. Områda utanfor eigedommen skal ryddast kvar veke.

Mottak, sortering og lagring av plastavfall kan skje ute på fast dekke. Avfallet skal i løpet av første dag gå til lager eller køyrast inn i produksjonen.

Innkomen plastavfall skal etter sortering lagrast på egne definerte områder i bås (tre vegger og fast dekke).

Emballerte plastballar og kverna plastavfall i storsekker, kan ligge ute på eige avmerkt område.

Avfall som ikkje er emballert eller vert lagd i bås, skal lagrast i container.

1.9 Informasjon til kundar

Gangstø skal sørge for at alle kundar skriftleg eller munnleg er kjent med kva for avfallstyper og fraksjonar som er tillatne levert til anlegget.

2. Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentar frå verksemda som er antatt å ha størst miljømessig betydning er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i løyvets vilkår 3 flg. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten er omfatta av løyvet i den grad opplysningar om slike utslepp ble lagt fram i samband med sakshandsaminga eller må reknast å ha vore kjent på anna måte då vedtaket vart treft.

2.2 Plikt til å redusera ureining så langt som råd

All ureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn, samt støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir heldt innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusera sine utslepp, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikten omfattar også utslepp av komponentar det ikkje gjennom vilkår i vilkår 3 flg. uttrykkeleg er satt grenser for.

2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei vanlege utsleppa på så lågt nivå som mogleg og for å unngå utilsikta utslepp skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha betydning for utsleppet. System/rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal være dokumentert, jf. internkontrollforskriften § 5, punkt 7.

2.4 Tiltak ved auka ureiningsfare

Verksemda skal sørge for at ein har naudsynt beredskap for å hindre, stanse, fjerne og avgrense verknaden av akutt ureining. Beredskapen skal være basert på systematisk gjennomgang av verksemda sine aktivitetar. Beredskapsplanen skal blant anna innehalde handlingsplan for mogleg brann på anlegget, og brannvesenets brannobjekt vurdering. Dersom det som følge av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka ureining, pliktar verksemda å sette i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminera eller redusera den auka ureiningsfaren, og om nødvendig å redusera eller innstille drifta. Ved akutt ureining eller fare for ureining, skal verksemda varsle brannvesenet.

Verksemda skal så snart som råd informere Fylkesmannen om unormale forhold som har

eller kan få betydning for utslepp til miljøet.

2.5 Internkontroll

Verksemnda plikter å etablere internkontroll for sin verksemd i tråd med internkontrollforskrifta. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at verksemnda overheld krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante føresegner til desse lovene. Verksemnda plikter å holde internkontrollen oppdatert.

Verksemnda plikter til einkvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til ureining og kunne gjere greie for risikoforhold.

Følgande dokumentasjon knytt til drift av anlegget skal ligge føre (lista er ikkje uttømmande):

- driftsinstruksar
- driftsjournalar
- mottakskontroll
- vedlikehaldsrutinar
- miljørisikovurdering (med brannteknisk vurdering av anlegg og drift)
- beredskapsplan (brann ved anlegget, akutt ureining)
- plan for kompetanseutvikling
- energistyringssystem

2.6 Krav til kompetanse

Verksemnda pliktar å sjå til at personell som handterer avfall har naudsynt kunnskap og kompetanse om avfall for å sikre at det blir handtert på en miljømessig forsvarleg måte. Verksemnda skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å vurdere miljørisikoen for sin verksemd.

Verksemnda skal ha ein plan for korleis kompetanse og kunnskap skal aukast for personell som handterer avfall.

3. Forholdet til nærmiljøet

3.1 Støv

Det skal ikkje førekome uakseptable støvulemper for naboar som følge av verksemnda.

Eventuelle klager på støv frå verksemnda skal loggførast saman med eit skriv som visar kva tiltak som er satt i verk for å bøte på støvplaga. Dersom støvproblemet varar ved, må målingar i samsvar med Norsk Standard settast i gong.

3.2 Lukt

Avfallsbehandlinga skal utførast utan at luktsjenanse oppstår for naboar utanfor anlegget. Eventuelle klager på lukt frå verksemnda skal loggførast saman med eit skriv som visar kva tiltak som er satt i verk for å hindre luktplaga.

3.3 Forsøpling

Nærmiljøet rundt avfallsanlegget og sjølve anlegget skal ikkje forsøplast. Transporten inn til anlegget må være sikra slik at avfall ikkje faller av under transporten. Lagring

av plast skal ikkje føre til forsøpling. Det er ikkje tillate å lagre avfall, plast eller produkt frå verksemda utanfor gnr 332 bnr. 75, 77.

3.4 Handtering av overflatevatn

Alle utandørs trafikk og lagerområde skal ha fast dekke og overflatevatn skal ledast til offentleg overvassnett. Overflatevatn frå omkringliggjande områder avskjerast slik at det ikkje kjem i kontakt med avfall på anlegget.

3.5 Sanitæravløpsvann

Verksemdas sanitæravløpsvatn skal ledast til offentleg avløpsnett.

3.6 Sikring

Handtering og lagring av avfall skal skje på område som er fysisk avsperra slik at uvedkommande ikkje kan kome inn på området. Området skal være låst og lukka med port etter arbeidstid.

Den del av tomta som vender mot fylkesvegen skal ha en jordvoll med planting. Resten av eigendomen skal ha et 2,5 meter høgt tre-gjerde. Mellom gjerdet og vegen skal det etablerast vedlikehaldast ein eigna vegetasjonssone.

Anlegget skal ikkje være til sjenanse for naboar og brukare i området.

4. Støy

4.1 Maksimalt tillate støynivå

Anleggets bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, fritidsbustader og rekreasjonsområde skal ikkje overskride følgande grenseverdier, målt eller berekna som frittfeltsverdi ved mest støyutsette fasade.

Mandag kl 07:00 – 20:00	Tirsdag – fredag kl 07:00 – 17:00	Gjelder fra
L_{den} 50 dB	L_{den} 50 dB	Dags dato

Støynivået i L_{den} for eit enkelt driftsdøgn skal ikkje overskride årsmiddel i gjennomsnitt med meir enn 3 dB, jf Miljøverndepartementets retningsliner T-1442.

Støygrensa gjeld all støy frå verksemdas ordinære verksemd, inkludert intern transport på bedriftsområdet og lossing/lasting av råvare og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå vanleg persontransport av verksemdas tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

Eventuelle klagar på støy frå verksemda, skal loggførast saman med eit skriv som visar kva tiltak som er sett i verk for å bøte på støyplaga. Det kan føre til pålegg om støykartlegging.

5. Energi

5.1 Energistyringssystem

Verksemda skal ha eit system for jamleg vurdering av kva tiltak som kan settast i verk for å oppnå ein mest mogleg energieffektiv drift ved anlegget. Energistyringssystemet skal inngå i verksemdas internkontroll, jf. vilkår 2.5

5.2 Spesifikt energiforbruk

Spesifikt energiforbruk skal bereknast og rapporterast årleg som ein del av miljøregnskapet, jf. vilkår. 8.2

6. Grunnforureining

Verksemda skal innrette seg slik at det ikkje finn stad utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skade eller ulempe for miljøet.

Verksemda pliktar å halde oversikt over eventuell eksisterande ureina grunn på verksemda sitt område. Dersom det er grunn til å anta at undersøkingar eller andre tiltak vil være naudsynt, skal forureiningsmynda varslast.

7. Testing og substitusjon av kjemikalie

Med kjemikalie meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikalier, til dømes vaskemiddel, hydraulikkvæsker, brannsløkjemiddel.

For kjemikalier som nyttast på slik måte at det kan føre til fare for ureining, skal verksemda dokumentera at den har tatt ei vurdering av kjemikalias helse- og miljøeigenskap på bakgrunn av testing eller anna relevant dokumentasjon, jf. også vilkår 2.5 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit system for substitusjon av kjemikalier. Det skal tas ein jamleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø forårsaka av dei kjemikalier som nyttast, og av om alternativ finst. Så vel skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å nytta disse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.²

8. Journalføring og rapportering til Fylkesmannen

8.1 Journalføring

Det skal førast dagleg journal over mengd avfall som blir teke inn på anlegget og mengda produkt og avfall som blir teke ut av anlegget. Det skal gå fram korleis avfall er disponert. Driftsjournalen skal oppbevarast i minst 5 år og skal leverast forureiningsmynda når dei ber om det.

² Jf Produktkontrollloven § 3a

Årleg mottatt mengd avfall, utsorterte fraksjonar for gjenvinning og mengde/disponering av reststovfall, skal rapporterast ved verksemdas årlege eigenrapportering til forureiningsmynda, jf. vilkår 8.2.

8.2 Rapportering til Fylkesmannen

Verksemda skal innan 01.03 kvart år sende skriftleg årsrapport til Fylkesmannen for førre kalenderår. Rapporten skal ligge føre i den form som Fylkesmannen til ein kvar tid har fastsett i ein rapporteringsmal.

Eigenevalueringa skal og inkludera ein utgreiing av eventuelle avvik frå løyvet og tiltak til forbetring av drifta for å minimera miljølempa. Årsrapporten skal og gi ein oppsummering av status for internkontrollen.

Rapporteringsmalane ligg på Fylkesmannen.no under ”skjema”. Årsrapportane skal sendast postmottak@fylkesmannen.no

9. Utskifting av utstyr

Dersom det skal skiftast utstyr i verksemda som gjer det teknisk mogleg å motverke ureining på en vesentleg betre måte enn da løyvet var gitt, skal Fylkesmannen på førehand få melding om dette.

Alt skifte av utstyr skal baserast på å ta i bruk best tilgjengelege teknikk med sikte på å motverke ureining.

10. Eigarskifte

Dersom verksemda blir overdrege til ny eigar, skal melding sendast Fylkesmannen så snart som råd og seinast 1 måned etter skiftet har funne sted.

11. Nedlegging

Dersom eit anlegg blir lagt ned eller ein verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ein kvar er naudsynt for å motverke fare for ureining. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til ureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal det i rimeleg tid på førehand gis melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsette nærare kva tiltak som er naudsynt for å motvirke ureining. Fylkesmannen kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørge for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, inklusive at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande føresegn³. Dei tiltak som blir teke i denne forbindelse, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal og innehalde dokumentasjon av disponering av kjemikalierestar og ubrukte kjemikalier og namn(a) på eventuell(e) kjøpar(ar).

³ Avfallsforskriften kapittel 11 om farlig avfall

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørge for at driftsstanden blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Dersom verksemda ønsker å starte på ny, skal det gis melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

12. Tilsyn

Verksemda plikter å la representantar for forureiningsmynda eller dei som denne gir mynde, føra tilsyn med anlegget til ein kvar tid.

§§§